Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2005

Plastinn-samling

4H har plastinnsamling på Fellskjøpet lørdag 15. oktober kl. 10.00 til 13.00

Kråkå

er eit flott aktivitetssenter med mange ivrige brukere. Les meir på side 9

Korps-konsert i Vedafjell

23. september kl. 19.00. Konserten arrangeres sammen med kulturskulen.

"Med Gud for heim og fedreland"

Varhaug Fråhaldslag er eit gamalt lag. Det vart stifta 20. mars 1885. Men då var nok namnet Varhaug Totalafholdsforening, etter den tida sin skrivemåte.

Som så mange andre ideelle lag, har også me opplevd både oppturer og nedturer, og til sine tider har nok også laget vore kvilande. Det viser seg at slike lag er avhengig av ein engasjert leiar, og i mange år hadde laget ein storhetsperiode med Johan Arnt Odland som formann. Etter hans tid har nok aktiviteten vore noko dalande.

Det var Asbjørn Kloster som starta Norsk Totalafholdsforening i 1875. Han såg med uro på det store alkoholforbruket, som var til stor skade for samfunnet på den tida. Med valspråket "Med Gud for heim og fedreland" arbeidde han for totalavhald, i motsetnad til andre som trudde "måtehaldsforeninger" var vegen å gå. Og dette førde altså til starten her på Varhaug for 120 år sidan.

Protokollen om stiftinga, og tida etterpå ligg på det kommunale arkivet.

Me som er med i fråhaldslaget, fokuserer nok helst på baksidene med alkoholen, og ville gjerne hatt den heilt bort. I alle fall ville me hatt vekk alt som lokkar dei unge til alkoholbruk. Me såg også gjerne at dei tek avstand frå både den og andre nytingsmidler, som f.eks. narkotika.

Me må ikkje gløyma at nå for tida er det alkoholen som gjer suverent størst skade i samfunnet. Me ser så mange familietragedier, voldshandlingar og ulykker både på sjø og land, der det ikkje er tvil om at alkoholen har storparten av skulda.

Det synest å vera slik i dag, at det er dei sterke kapitalkreftene som styrer alkoholpolitikken. Med bruk - eller misbruk - av orda "handelslekkasje" og "forskjellsbehandling", har det vorte pressa fram ei liberalisering av skjenkeløyve og salgsbevillingar som me ikkje er glade for, og som - etter vårt syn - er til stor skade for samfunnet.

Varhaug Fråhaldslag driv for tida inga møteverksemd. Men det kan nemnast at i vår den 9. april, arrangerte me fylkesårsmøtet for Rogaland distrikt av D.N.T. her på Varhaug Misjonshus. Me fekk ein gild dag og kveld samen med fylkesformann Harald Johnsen, DNT-vener frå fylket og bygdefolk elles.

Varhaug Musikklag gledde oss med fin song.

Steinar Ånestad.

(Varhaug Fråhaldslag er medeigar i Varhaugbuen, og representanten deira er varamann til styret. Det er ekstra hyggeleg at Steinar ville koma med dette innlegget) red.anm.

BYGGMESTER
Jon Harald Håland a.s
Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 91 18 11 67. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03

Mobilkommunikasjon
Gode tilbud uten abbonement
ARILD AUSTRÅTT
din lokale mobilforhandler
Bratland, 4360 Varhaug
Mobil 90 16 10 16 Faks 51 43 34 76
e-mail: arild.austratt@online.no

Lars Gaute Sport
Varhaug - Tlf. 51 43 28 80
MX SPORT
-litt mer personlig!

Vellukka basar

Torsdag 25. august var me klare for den årlege basaren til laget vårt.

På onsdagen grua me helst fælt, for det var nok ingen som ville gå på basar om onsdagsveret fekk fortsetja til neste dag.

Men kva skjedde? Torsdag kom med flott ver, og det kom og veldig mange på basaren. Kanskje var grunnen det fine veret, men det kan og vera alle dei flotte gevinsatane me hadde frista med.

Sonja Beate Egge (klarinett) og Silje Eckhoff Varhaug (saxofon) frå skulekorpset spela to fine sanger til åpning. Sporty av jentene som stilte opp på kort varsel, og med berre ei korpsøving etter ferien.

Etterpå fekk Tobias Skretting ordet. Han er alltid koseleg å høyra på enten han tek ein trudelutt eller tek for seg barndomsminne o.a.

Det var høve til loddkjøp og "årekjøp" både før og etter kaffipausen.

Me i bygdekvinnelager tykkjer det er gildt med årer, for då har i alle fall me som er kome på basanen ein større tjangs å gå heim med gevinst.

Me hadde vore rundt i bygda med loddbøker og vore ei helg på Mega. Me vart godt mottekne alle stader. Det er tydeleg at folk venter me skal koma rundt med loddbøkene, og dei set pris på at me kjem.

Me vil her få takka alle som kjøpte lodd og kom på basaren. Men ikkje minst må me få retta ein stor takk til ALLE som ga laget ein gevinst. Dette gjeld både medlemer og andre privatpersonar. EIN STOR TAKK og til næringslivet i bygda. Det er tydeleg at dei set pris på bygdekvinnelaget og det arbeidet me gjer, for den velviljen me vart mottekne med under "tiggerunden" er heilt utruleg

Hjarteleg takk alle saman!

For basarkomitten:

Liv Hobberstad og Aud Håland



Gåver frå Bygdekvinnelaget

Dette er spørsmål eg ofte har fått opp gjennom åra. Andre lag på Varhaug er gjerne knytta opp mot ein eller annan misjon. Og når me ikkje er det, lurer mange på kor basarpengane tek vegen. I og med at laget har skifta namn frå bonde- til bygdekvinnelag (dette er gjort for å bera det same namnet som land og fylke), tykkjer eg det mest ligg i namnet kva me gjer - og forresten alltid har gjort. Me arbeidar for bygda og basarpengane går tilbake til bygda i form av ymse gåver slik som brudestolane i kyrkja, båreteppe, kimeklokke, piano og golvklokke til eldresenteret, mixmastere til skulekjøkken osv. Dette er nokre av dei gåvene som eg meinar dei fleste av oss i bygda har stor glede av både når det er festlege samvær og elles.

Liv

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen:
Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Brigdeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.
Styret for Varhaugbuen er:
Leiar
Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar
Jo Ånestad, brigdeklubben
Sekretær
Kristin Søyland, bygdekvinnelaget
Kasserar
Jone Bryne, Svala 4H
Styremedlem
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset
Varamedlem
Sverre Aanestad, fråhaldslaget
Varamedlem
Sverre Varhaug, vennelaget Lerbrekk

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.
og graset legg om namnlaus grav ein gløymsleklednad god.
Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein som levde i vår grend "

"Så godt, så enkelt"

Du har sikker sett reklamen på tv, om Ole Lukkøye som ikke har tid til å lage mat. Fjordland har et motto: "Så godt så enkelt".

Fjordland er ei bedrift i Norge som ble etablert i 1994 som salgskanal for Brelett og Bremykt. Fjordkjøkken ble etablert i 1997 for å produsere middagsretter for Fjordland. Begge selskapene eiges av Tine, Prior, Hoff og Gilde.

Middagene kan kjøpes rundt i alle butikker og tar bare noen få minutter i mikrobølgeovnen eller oppi gryta. Fjordkjøkken lager mat på en måte uten det går på bekostning av smak og kvalitet der kundegruppen er hovedsakelig pensjonister og folk i ein travel hverdag.

Fjordland selger rundt 66 produkter, alt fra yoghurt, pasta, grøter, middag og Marianprodukter

Fjordkjøkken er etablerte i det gamle meieriet på Varhaug. Jeg hat hatt et kort intervju med Martin Sunde for å finne ut litt mer om hva som sjer.

Når tid startet fjordkjøkken på Varhaug? *I 1997 ble dei første pakkene produsert*

Hvor mye begynte dere å produsere? *I begynnelsen var det bare prøvesalg med låg kvantum. De to første årene var det lite. Da ble det produsert 5-10 tonn med gradvis utvikling.*

Hvor mye produserer dere nå? *Denne uka produserer vi rundt 100 tonn. Noe som tilsvarer ca 200 000 middager. Desse middagene er sammensatt av ca 500 000 komponenter (poteter gulrot og oksekjøtt) så det er ei stor "monteringsbedrift."*

Hvor mange ansatte er det hos dere? *Vi har 80 ansatte.fordelt på 5 avdelinger. Fjordkjøkken på Varhaug er blitt en av de største arbeidsgivarene i kommunen.*

Hvor mange forskjellige produkter lager dere? *50 produkter, nettopp lansert årets 4 nye produkter i starten av sept*

Hvordan lager dere maten? *Kjøtt, fisk, kjøttkaker o.l. får vi ferdig laga slik at de kan legges rett i posene. Sauser blir laga frå botnen av i store gryter på kjøkkenet. Krydder blir veidd opp og ingrediensene tilsett ut fra resepten. Etterpå blir maten lagt i poser og kokt.*

Har dere noen gang fått utmerkelser for produkter? *Ja, det var i 2002 på en internasjonal messe i Frankrike. Fiskesuppen fekk produktprisen Sial D`or*

Hva blir det produsert mest av? *På 1., 2. og 3. plass kommer Kjøttkakene, Svinestek og Laksen etterfølgt av*

Torsk i purreløksaus og Biffsnadder. Komlene øker stadig. I tillegg fortalde han at det ble produsert mest om høsten og rett før juletider, da de lager mange julemiddager. Gjennomsnittlig kjøpes det nå 2 middagsretter pr. nordmann i året.

De ansatte som arbeider der er i følge Martin veldig kvalitetsbeviste og gjør et kjempegodt arbeid.

Skrevet av: Kine Aasland

LOTUS BLOMSTER
VARHAUG
Stasjonsvegen 22, Tlf. 51 43 89 00 Faks 51 43 89 01
VIGRESTAD
Langgata 32, Tlf. 51 43 70 00 Faks 51 43 70 01

ALT INNEN NYBYGG - PÅBYGG - REHABELITERING
Magnar Helleren
4360 VARHAUG Tlf: 975 21 200 - 51 43 07 34

ODLAND A/S
FORSKALING OG STØYPING

Krabbetur til Bodle

Det neste som kommer til å skje i 4H nå, er krabbeturen vi vanligvis pleier ha. Denne gangen skal vi ha den i Bodle. Turen er for medlemmer med familie, og vi skal arrangere en krabbekonkurranse, der det gjelder å famge flest krabber. Det blir også grilling, og 4H har med kokte krabber til dei som vil ha det.

Men sidan vi nå har allerede kommet i september månad, så er det bare ca 1 månad til det er haustfest og det er på tide for medlemmane å gjera den siste finpussen på oppgaven sin. For dei som mangler nokon medlemsmøter til å få 50 % oppmøtte så er siste medlemsmøte for aspirant, junior og senior, mandag 12. september. Møte er som vanlig på ungdomskulen.

Oppgavebøkene skal leverast inn i god tid før haustfesten for å bli vurderte, så dei skal leverast inn mandag 26. september.

Haustfesten skal vi ha 21. oktober på Iden eller barneskulen, og alle medlemmane må komme dagen før for å stille ut oppgavene sine. På festen har alle medlemmane lov å ta med seg familien og det blir servert mat og kaffi. Så har vi alltid åre-utloddning med mange premier. Vi har haustfesten for at medlemmane skal få visa fram kva dei har arbeida med gjennom året og visa på utstillinga, litt ifrå oppgaven sinn. Medlemmane får også utdelt diplom, sølvskei og et merke som er forskjelling etter kor lenge du har gått i 4H. Etter at haustfesten er over så har 4H en liten pause fram til årsmøtet som er i midten av november. Da blir det gjennomgodt kva 4H har gjort gjennom året som var og det blir også valgt et nytt styre som skal styra klubben det neste året.

Me har etter dette grødfest i begynnelsen av desember. Denne festen har vi for at gamle medlemmer kan komme og velge en ny oppgave som dei vil arbeide med neste år, men mest fordi vi inviterer nye medlemmer som kanskje vil begynne i 4H. Dei får da hjelp til å velge en oppgave og får sjå litt kva me gjer i 4H.

Vi skal ha plastinnsamling på felleskjøpet, **Lørdag 15. oktober, kl. 10-13.** Det blir hengt opp plakater på mega og spar og også sendt ut brev til medlemmene om kva som skal skje. Ønsker alle medlemmene lykke til med siste innspurt med oppgavene sine.

Linn Karin Bryne





Frå redaksjonen

Sist nummer vart "bladfykane" Kine og Linn Karin presenterte for lesarane.

Eg har fått litt kritikk for at ikkje redaktøren vart presentert. Vel, eg trudde nok at alle på Varhaug visste kven eg var, etter mange år i ymse lag og aktivitetar i bygda, og ikkje minst etter alle åra i idrettslaget. Men til de som ikkje kjenner meg kan eg opplysa følgjande.

Er 66 år, født og oppvaksen på Bryne (tenk nå kan eg mest kallast byas), har vore bonde på Hobberstad saman med Hans i 30 år, har 4 jenter (der den eldste Elin har overteke gården) og 5 barnebarn, 2 på Hobberstad og 3 på Bryne.

Eg liker skrivearbeid betre ennå å bake kaker, og meiner sjølv at eg har eit jevnt og godt humør. Eg har eit avslappa forhold til meg sjølv, dvs eg tek ikkje meg sjølv så veldig alvorleg. Eg kaller ei spade for ei spade, og mange gonger har eg nok gjerne såra folk utan at eg var klar over det med min direkte måte å seia ting på.

Eg tykte sjølv me fekk til eit ganske fint blad sist. Eg har ikkje høyrt noko negativt om den nye Varhaugbuen, men det har heller ikkje fløyma over av skryt. Det siste hadde eg heller ikkje venta. Det er sagt om Jærbuen at han tier når han er nøgd med noko .Det er først når missnøya kjem han åpnar munnen.

Så viss dette og er tilfelle med folket på Varhaug, så har me i redaksjonen saman med styret gjort ein god jobb!

Helsing Liv

Øverst: Trygve Vik, Jørn Aarsland, Andre Vagle, Lars Kristian Haaland, Karl Skrettingland og Kurt Auestad. **Til venstre**. f. v.Karl Skrettingland, Kurt Auestad,Trygve Vik, Lars Kristian Haaland og Andre Vagle. **Over:** Pila viser det blå teltet til Varhaugspeidarane.

Rovere til Guldborglejren 2005

For fjerde gong drog speidarar frå Varhaug til Danmark på leir. Midt i juli reiste 6 roverar på leir. Dei deltok på ein dansk landsleir som denne gongen var lagt til Falster, nær Nykøbing sør for København, og det var 15000 deltakarar frå 26 land. Det var landsleiren til KFUM-spejderne i Danmark, Guldborglejren 2005, og dei arrangerer slik leir kvart 5 år på forskjellig stad. Det var og andre speidarar frå Norge og dei låg i nærheten av speidarar få Karmøy og Troms.

Trygve Vik fortel at dei ikkje hadde nokre problem med reisa verken fram eller tilbake. Men dei sleit litt då dei skulle slå ned teltpluggane. Underlaget var utruleg hardt.

Dei hadde både fint og dårleg ver. Dei gongene det regna, så var alle sluser opne, og det var nødvendig å grava grøft rundt teltet for å halda det tørt inni. Dei dukka seg fleire gonger i sjøen, sjølv om det ikkje var nokon spesiell god badeplass ved leiren. Elles så var dei ein heil dag i Bonbon-land fornøyelsespark. Dei fekk og tilgang til Falster svømmecenter.

Dei fekk god dansk mat, og i tillegg så hadde dei og med seg noko heimante. Mellom anna laga dei komla ein av dagane. Leiren starta med opningsleirbål på laurdag kveld, gudsteneste på sundag og resten av veka var det to aktivitetsøkter pr dag, i tillegg til ulike samlingar om kveldane.

Neste år er det norsk landsleir på Røros.

Per Åge Skretting

Kråná – aktivitetssenteret på Varhaug

For nokon år sidan åpna aktivitetsenteret her på Varhaug. Aktivitetsenteret er et åpent tilbud der kven som vil kan væra med å halda på med forskjellige aktiviteter. I dei siste åra har det blitt så mange brukarar at ein må nå gå gjennom f. eks hjemmesykepleien for å verta bruker på aktivitetsenteret.

Brukerstyre

For ca. 1 år sidan blei det oppretta ei ny ordning der brukarane og ansatte skulle væra med i eit brukerstyre. Brujerstyret består av 5 brukarar og 2 ansatte. Der tar dei opp forskjellige saker og behandler desse.

Utsalgsbutikk

I same bygg har dei ein utsalgsbutikk der dei selg alle dei tinga som dei lager. Dei lager kjeramikkprodukter, som lamper og glass, og lager belter og vester av skinn. Dei lager også flaskepynt av skinn. Flotte smykker av glass lager dei også.Dei har også det meste til dokkene, som strikka klær og håndlaga vogge i tre.

Krydderhage

Bak i hagen til aktivitetsenteret har dei klart å laga ein flott krydderhage med mange forskjellige typer krydder. Desse kryddera som dei dyrker bruker dei i matlaginga på aktivitetsenteret.

Eit lite koselig drivhus står også å håper på å bli sett i stand. Her skal dei dyrka ulike grønnsaker, bl. a. agurk og tomat. Ein av framtidsplanane dei har, er å laga ulike oljer ut av krydda dei har. Desse oljene skal dei også selja, slik som dei gjer med alt anna dei lager.

På sida av krydderhagen har dei ein koselig grillplass med benker og grill. Denne er så pass ny at dei enda ikkje har fått asfalt på uteplassen.

Smørbrød og kaker

I tillegg til alle produkta brukarane lager og selger, så tar dei også imot bestilling på kaker og smørbrød til alle som ønsker det. Noko som sikkert ikkje alle har høyrt om. Kvar dag lager dei også lunsj som alle som vil kan kåma innom å eta. Lunsjen koster 25 kr.

Aktivitetsenteret er eit veldig flott senter med mange ivrige brukere som er vedig stolte av senteret sitt, og spesielt av brukerstyret. Dei skrøyter også over det flotte samarbeidet dei har med kommunen. Det annbefales på det sterkeste å ta ein tur innom utsalgsbutikken dei har, å sjå på dei fantastiske tinga som dei lager.

Senteret Kråná er Hå kommunes tilbud for folk som slit litt både på det psykiske planet, og elles. Kråná held til i verkstadhallen til tidlegare Klokkargarden.

Linn Karin

Jæren Flis & Skifer as
Tlf. 51 43 55 78 905 11 987
Fax 51 43 71 23

Varhaug bygdekvinnelag vert 70 år

Torsdag 1. desember skal dette markerast med festmiddag på Holmavatn.
Programmet ser førebels slik ut:
Prolog av Mariann Egeland
Festtale av prost Anne Sofie Haarr.
Sang av Kathrine Håland Varhaug
Det vert utdeling av hustavler m.m. samt litt lettere underhaldning og ikkje minst: Det vert servert god middag.
Festen vil verta annonsert ved eit seinare høve, men merk dykk dagen nå. Dette er ikkje berre ein medlemsfest, den er åpen for alle.

Stoff til Varhaugbuen

Sjølv om Linn Karin og Kine har bladet som 4H-oppgåve, og styret er pålagde å koma med eit innslag til kvart nummer, er det og høve for andre i bygda å koma med stoff. Det er berre gildt om folk er opptekne av bladet, og me tek gjerne mot både tips om stoff og innlegg i tida som kjem. Neste nummer skal ut ein gong i slutten av november, slik at "gladfykane" til 4H får med seg 3 nummer til oppgåva deira.

Liv

Tilbake på heimlege tomter

Sidan Lerbrekk skule er medeigar i Varhaugbuen, tykte eg det var på sin plass å ta med litt om familien Framnes i bladet. (Eg vart forresten tipsa om det på Varhaugmarken)

Helga 3. - 6. juni var Svein Håkon, Tordis, Målfrid og Margunn tilbake på Varhaug. Kva var då meir naturleg enn å innlosjera seg på Lerbrekk skule, der far deira var lærar og dei og budde i begynnelsen av femtiåra.

Eg veit ikkje om dei fekk same soveplassen som då dei var små, men det såg i alle fall ut som dei hadde sove godt. Dei var nemleg godt opplagde til ein drøs søndag ettermiddag.

Grunnen til samlinga var at Målfrid var 40 års jubilant på gymnaset på Bryne, og i tillegg vart ho 60 år på søndagen.

Då var heile familien (Svein Håkon og Tordis hadde og med seg ektefelle) + eldste dotter til Tordis og sonen til Margunn samla til ei festleg kaffistund på Lerbrekk skule. Der fekk dei møta fleire "gamle" kjente frå Varhaug, og me fekk og synga "Happy birthday" for Målfrid , før dei drog til Holmavatn for familiefeiring.

Tidlegare hadde dei vore i Varhaug kyrkje, kor dei og samlast ved grava til foreldra. Det var og meininga med tur til Steinkjerringa, men det sette den kraftige vinden ein stoppar for.

På laurdag fekk dei med seg Varhaugmarken i tillegg til at dei hadde ein flott tur til stranda på Brusand. Der hadde det vore fint solskin, så Margunn hadde fått god farge på halsen. Om sjøen ikkje var av det varmaste, vart det bading av Sissel, dotter til Tordis. Ho hadde hylt godt då ho for uti, men Margunn sa det var sikkert berre gledeshyl over den flotte stranda. (ha, ha!)

Svein Håkon bur i dag i Tananger, Tordis i Rælingen og Målfrid og Margunn i Oslo. Sjølv om det er ei god stund sidan dei forlot Varhaug, var det ingen som kunne høyra det på dialekten. Eller var det berre i slikt godt heimsleg selskap på Lerbrekk gamle skule at språket vart akkurat som før?

Far deira Thomas Framnes kom til Lerbrekk skule i 1950, og var der til skulen vart nedlagt og fråflytta skuleåret 1957/58 Då vart lærar og elevar flytta til sentralskulen på stasjonen, der Framnes var lærar til 1964. Frå skuleåret 65/66 og til han gjekk av med pensjon i 1972, var han skulestyrar på Vigrestad.

Men Framnes var og på Varhaug før 1950. Han var nemleg lærar på Varhaug framhaldsskule 1930/31.

Varhaugbuen takker for at dei velvillig stilte opp til drøs og fotografering, og ynskjer dei velkommen tilbake ein annan gong.

Det må forresten vera gildt for dei å koma tilbake til Lerbrekk å sjå kor fint grenda har teke vare på den gamle heimen deira.

Dei er veldig glad og takknemleg for at dei fekk bu på Lerbrekk under opphaldet her, og sender ei særskild takk til Astrid og Sigbjørn for at dei la alt så godt til rettte for dei.

Liv

Ole G
Nord-Varhaug & Co a·s
Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no

RØRLEGGER TEAM AS
Opstadveien 621
4368 Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

L'ORÉAL PROFESSIONNEL PARIS
SENTRUMSALONGEN
- for folk flest.
FRISØR - SOLARIUM
Tlf. 51 43 11 02
Ånestadv. 13, Varhaug

Den nye møtesalen i Varhaug Misjonshus, er for lengst teken i bruk. Men no først er utsmykkinga ferdig, kunstnar Per Odd Aarrestad har laga det sentrale kunstverket, og utvendig skal alt vere ferdig. Derfor er tida inne til å feire den nye salen, med innviingshelg. På førehand vil folk frå Misjonshuset gå rundt på bygda og invitera til helga, samt spørja om fleire vil vere med å ta eit tak for den økonomisk sida. Det er ein flott sal me har fått,- veleigna til konsertar, og med plass til ca 500.

Program for helga 9-11/9 følger. Alle er velkomne.

Bilete frå salen før utsmykkinga er på plass.

Program for innviingshelga

KONSERT fredag 9/9 kl 20. 00 med "Han Innante". Billettar kostar kr 150 og kan kjøpast hjå SPAR og ved inngangen.

BIBELTIME laurdag 10/9 kl 11.00: v/ Gaute Øgreid Rasmussen. Song v/ Varhaug Musikklag

FAMILIEMØTE laurdag 10/9 kl 12.30: Andakt v/ Lars Sigurd Tjelle. Song av Minikoret. Frå ca kl 13: Sal av graut og lapskaus, Varhaug Bygdekvinnelag er med på det. Mat serverast i store telt på parkeingsplassen. Ca kl 14: Auksjon. Skifer, lysarmatur og mykje anna. (Det verte høve til å levera inn gjenstandar som kan seljast til inntekt for Misjonshuset). Leikar og konkurransar ved ungdomslaget. Kl 2000: Ungdomssamling

INNVIINGSFEST sundag 11/9 kl 1900:
Prolog v/ Sjur Håland
Festtale v/generalsekretær Karl Johan Hallaråker
Song av Hanaja
Innviing av møtesal, skriftlesing og bøn
Presentasjon av utsmykkinga v/ Per Odd Aarresrtad
Orientering om bygging og finansiering
Helsingar
Innviingsgave - kollekt
Festmåltid
Avslutning

Varhaug Bridgeklubb

Me ynskjer alle velkommen til ny bridgesesong på Varhaug. Me spelar fortsatt i bomberommet på Varhaug skule. I år startar bridgen måndag 5. september klokka 18.30. Kvar måndag fram til jul spelar med kveldsturnering. Over nyttår spelar me klubbmeisterskap for par.

Dei siste åra har det vore få Varhaugbuar som har spela bridge. Me håpar at nokre tidlegare spelarar dykkar opp i haust. I tillegg ville det vore veldig kjekt om dei som nettopp har gått på bridgekurs vil starta i klubben no.

I sommar har det vore NM i Bridge i Liillehammer. Me vil gratulera tidlegare varhaugbu Daniel Ueland med Norgesmeisterskapet for junior. Ein meget sterk prestasjonen

Jo Ånestad

Kombinasjonsbibliotek

Det blei for nokon år sidan bestemt at Hå folkebibliotek, avd. Varhaug, måtte ut frå lokala sine i kjelleren i rådhuset. Løysningen på kor biblioteket skulle plasserast nå var enten å finna nye lokal i rådhuset eller sjå på lokaler andre plasser på Varhaug.

Et av forslaga var å slå saman skolebiblioteket med folkebiblioteket. Dette var allerede prøvd andre stader i Norge, og hadde eit positivt resultat. Det som ville væra fordelen med å slå saman desse to biblioteka var at folkebiblioteket ville få tilgang til skolens bøker og oppslagsverk, og skolen ville også få tilgang på folkebibliotekets ressurser. Elevene på skolen ville få større utvalg av kunnskap, oppslag- og litteraturbøker og folk som ikke hadde tilknytning til skulen ville få tilgang til skulens bøker.

Kombinasjonsbibliotek på Varhaug

Det blei bestemt at dette forslaget skulle prøvast ut på Varhaug, og biblioteket på skulen måtte derfor stengja for at lokala skulle byggjast ut.. Biblioteka var stengt i ca. 1 år, mens arbeidet med å bygja gode lokaler til kombinasjonsbiblioteket blei gjort. I mai 2004 blei endelig biblioteket åpna i nye,lyse og luftige lokaler. Etter nå å ha vært åpent litt over 1 år har bibliotekarane fått god kontroll over alle bøkene og dei er veldig fornøyde med lokala.

Bibliotekets ressurser

I tillegg til alle bøkene, har biblioteket også 6 datamaskiner med mulighet for oppkobling til internett, desse kan brukast av alle. For barn og voksne som vil sittja i biblioteket å lese er det laga til ein blå "kosekrok" der dei kan sitja i ro og fred å lesa. Men det er også mulighet å sittja i ein lysegrønn, mjuk og god sofa som er plassert litt diskret i lokalet. For dei som ønsker å væra i biblioteket å arbeide med gruppearbeid eller større prosjektarbeid, er det store romslige bord med plass til store grupper. Det er også laga eit eige rom som kan lånast i bibliotekets åpningstid. Der kan du sitja uforstyrra å arbeide med skolearbeid eller med noko anna.

Fleire lånarar

Bibliotekarane i kombinasjonsbiblioteket kan melda at biblioteket har fått fleire voksne lånarar og sjølvsagt fleire barn. Dette pga. at lokala som Hå folkebibliotek benytta i rådhuset, ikkje var så synlige, og det var derfor bare dei bara som blei tatt med av dei voksne, som brukte lokala. Det som også er grunnen til at det har blitt meir voksne brukarar er at dei nå veit kor lokala er pga. dei har elever på skulen eller vert innom skulen av ein eller annan grunn. Dei har også fått større og utvida åpningstider nå enn det var før. Biblioteket et alltid åpen i skuletida og også nokon dager på kveldstid.

Utlån

Hå folkebibliotek har også biblioteker



på Nærbø, Vigrestad, Brusand, Sirevåg og eit lite på Høyland. Dersom du har lånenummer kan du bruke dette alle desse plassene. Hvis du ikkje har lånenummer frå før, så kan du stikka innom dei gode lokala på Varhaug skule og få deg eit lånenummer. Biblioteket låner ut bøker, lydbøker, tidsskrifter, musikk, video og nå også dvd'ar. Dersom du vil benytta aviser eller oppslagsverk kan desse bare benyttast i biblioteket sine lokaler.

Hvis det er nokon bøker du ønsker å låne, og desse ikkje finst på Varhaug sitt bibliotek, så prøver dei å få tak i boka/bøkene frå andre bibliotek.

Forlenging av lån på nettet

Noko nytt som biblioteket har begynt med er at du nå kan gå inn på internett å få oversikt over bøker du har låna og av bøker som du har reservert. Her kan du også forlengja lånet dersom boka ikkje er reservert. For å få meir informasjon om dette, kan du gå innom biblioteket og få forklart korleis du kan benytta denne tjenesten. Du kan også gå inn på internett og sjekka Folkebibliotekets si heimeside: www.ha.folkebibl.no

Det er bare å ta ein tur innom biblioteket på Varhaug skule dersom du aldri har vært der før og også før deg som har vært der før, og sjekk ut det flotte lokalet. Biblioteket er gratis og kan benyttast av alle.

Linn Karin

Åpningstider for Hå folkebibliotek avd. Varhaug.

Mån, torsdag	10.00 - 19.00
Tysdag	09.00 – 15.00
Onsdag	09.00 – 19.00
Fredag	09.00 – 14.00

Jubileumsfest Folkeakademiet er 100 år.

Varhaug bygdekvinnelag er medlem i **Folkeakademiet Hå.** Dette laget skal saman med akademia i Time, Klepp, Sola og Gjestal markera 100 års jubileet. Dette skjer i den nye kyrkja på Nærbø, med sjølvaste Knut Buen som gjest. Han vil både kåsera og spela fiolin. Dagen er fredag 30. september kl. 19.00. Tida går fort, så merk av denne dagen på kalenderen nå! Dette er eit stort løft for små lag med liten økonomi, så me treng at det kjem mykje folk.

Det er og sikkert mange som endå ikkje har vore i den nye kyrkja.Nytt dette høvet både til å få med dykk konsert og ei omvisning!

Liv

Varhaugmarken 2005

3. og 4. juni var tida for marken i år. Den heldt omtrent same leist som tidlegare år m.a. flatbrødbaking i bondeteltet fredag og lørdag, bondefrokost og ongaløp om lørdagen.
Varhaugmarken er dagar kor mange utflytte Varhaugbuar vendar nasen heimover, for på Marken treff dei alltid "gamle" kjente.

Eit lite tips til dykk som kanskje skal ha klassefest. Kvifor ikkje legga den til Markensdagane, for der vil dei garantert treffa fleire enn klassekameratane. Varhaugbuen og Markenskomiteen er elles opne for innspel som kan fornya marken, og gjerne vera med på å gjera den endå gildare enn nå.

Årets høydepunkt

Årets høydepunkt æ nå øve. Dæ æ mange goe å kule minne å ta mæ haim igjen. Turen starta i frå Varhaug lørdag 16. juli. (Landsstevnet starta tirsdag 19. juli, så me va ude i goe tid kan du sai).

Turen gjekk fyste te Bø der me fant okke ein fine volleyballbane, så me spælde på resten av kvellen. Dagen itte va dæ Bø Sommerland, vere va kanon! Så va dæ rett i frå Bø te Hedmark, nærare bestemt Jønsberg.

Då me kom fram, så va dæ ud mæ teltå for å rigga åkke te på ein fine plass. Så bar dæ ud for å finna nye venna å kjente frå Rogaland å andre fylke.

Haila vegå va dæ møje aktiviteta og underholdning som f.eks.: tevling, stand up, dans, volleyballturnering, fotballturnering, rundballepulling osv.

Me deltog på øksekasting, der Kjetil Aanestad fekk 3. plass. Fotballen vant Rogaland sitt lag, men rundballepullinga va ikkje så vellukka.

Si me så nimme Sverige, så tog me turen øve der for å handla litt. Me kjørte meste enn heile dag, å dæ einaste me ente opp me va et kart øve Sverige. Då me kom haim i frå Sverige, så va dæ slutt på dæ fina vere, så me måtte ne i stasjoen i Jønsberg å få okke noge klær. Me ente opp mæ komplett oljehyra. Dette halt okke torre, ai stond iallfall.

Elles så va då en konge tur, vart kjende mæ mange nye greie å hyggelige personer. Dette æ noge å anbefala for adle. Me æ i allefall klar til neste år allerede!!

Helsing Oddi, Glenn, Magnus, Laffen, Oli og Kjetil. (Tore tenkte for mye på å bli sjuk, så det blei han og reiste hjem tidligt). Etter årsmøtet i BU nyleg, ser styret nå slik ut:

Leiar	Odd Arne Haugstad
Nestleiar	Kjetil Aanestad
Kasserar	Eilen Njølstad
Sekretær	Gunn Årdal
Styremedlem	Leif Arvid Årdal
Varamedlem	Ole Ernst Sør-Reime

Tevling - uttak til NM.

Denne tevlinga er åpen for alle, og skal vera på ungdomsskulen lørdag 10. september:

Kl. 1000 - 1130	Borddekking
Kl. 1300 - 1400	Ost
Kl 1400 - 1500	Spekemat
Kl. 1030 - 1300	Eksteriørtevling sjå Geir i Hålå.

Årsmøtetid

29. september skal bygdekvinnelaget ha årsmøte, og då er det mange i styret som er på val. Mange av desse har nå fleire år bak seg i styret, og vil naturleg nok ha ein pause. Difor treng valnemnda nye til å steppa inn. Vær positiv når Du får spørsmål om å vera med i styret. Det er ikkje all verda av arbeid. Me er mange i styret som dreg lasset saman, og me har det utruleg gildt i lag. Er du framand i bygda, og ynskjer å bli betre kjent, så er dette ein god måte til å lære litt både om bygda og lagsarbeid. Eg hadde ikkje vore så veldig lenge på Varhaug før ei nabokome fekk meg med i bondekvinnelaget, og vips så var eg kasserar. Seinare har eg vore både det eine og det andre opp gjennom åra, men nå får andre vera med å føra skuta vidare.

Eg hadde aldri vore med så lenge viss det ikkje hadde vore gildt. Det å vera med i noko som vedkjem bygda di er verdfult i seg sjølv. Du gir litt av deg til laget, men du får mykje, mykje meir tilbake. Hadde dette handla om pengar, så hadde ei styretid i bygdekvinnelaget vore ei god investering!

Liv

"Helmax" korpstur

I sommer var Varhaug Skulemusikkorps på tur til Tyskland. Det var en kjempe gøy tur. Det ble tid til mye bading, leking, "fnising" og alt som hører med på tur. Det ble og en del spilling. Det ble tatt opptak til en CD, og korpset hadde konsert på strand promenaden. Turen var rett og slett "helmax"

Nå er sommeren over, og det er på an igjen med friskt mot. Nye aspiranter starter opp, og alle i korpset er klar for en ny sesong. Første konsert er 23 september kl 19.00 i Vedafjell, sammen med kulturskulen.

Utover høsten er det et spennende temaprosjekt på gang, dette vil bli spennende.

Årsmøte Varhaug bondelag

Dette skal vera på Holmvatn tysdag 20. september kl. 19.30

Årsmøte Varhaug bygdekvinnelag

Dette skal vera på Eldresenteret torsdag 29. september kl. 19.30.
Saker til årsmøtet må styret få innan 20. september.

OBS - OBS - OBS!

Bygdekvinnelaget har ikkje fått nok påmelde til kursa bunad og kalligrafi. Dersom det ikkje kjem fleire, kjem ikkje desse kursa i gang slik som planlagt.

Liv

Lokaler til leige på Internatet

Ca. 36 kvm. 1. etg. Pluss gang og wc. Tlf: 41 54 23 55

SJAKK på Varhaug

Det er fleire som har sakna sjakk klubb på Varhaug. Skulesjakklaget har hatt pause eit år, og sjakklubben på Nærbø, som har vore i drift vel 20 år, har drive svært redusert og stoppa heilt dei siste åra.
Vi vil no prøva å starta opp att med sjakk på Varhaug skule frå hausten, både skulesjakk og for voksne.
Nærbø sjakklubb, som vart starta i 1977 og var på Varhaug skule i 1983-1985, vil starta med spillekveldar tysdag kl 1900 - 2230. Første dag: 20. september.
Varhaug skulesjakklag vil starta opp same plass, tysdagar 1700 - 1845. med første dag tysdag 20. september.
Interesserte kan møta opp, eller ta kontakt med Per-Arvid Jakobsen, e-mail: par-ajak@online.no.
Vel møtt til sjakk på Varhaug

FORMTOPPEN

Starter opp i de gamle I.T-lokalene

Body Attack er et program med høy intensitet. Treningen består av intervaller med løping, hopp og spark kombinert med styrke. Ved å trene Body Attack forbedrer man kondisjonen og får en sterkere kropp. Det er et atletisk program passer for alle som er fra moderat til godt trent.

Body Step er den ultimate trening for rumpe og lår. Ved enkle øvelser som er lette å følge trener du til musikk som er skapt for å få deg til å yte mer. Justerbar step og alternative øvelser gir deg muligheten til å selv bestemme hvor hardt du vil trene. Et atletisk program som passer for alle.

Body Pump er verdens mest populære gruppetrenings program. Det er også den raskeste måten å komme i form på. Body Pump er trening med vekter fra 2 til 32 kg og musikk som er mixet spesielt til øvelsene. Gjennom 60 minutter tar programmet for seg de største muskelgruppene. Body Pump passer for alle uansett form og øker treningsgleden ved å løfte vekter.

Vi kan tilby helsestudio, kostholdsveiledning, Step, Spinning, Body Pump, Body Step og Body Attack

Velkommen innom for en prøvetime

www.formtoppen.no

Vi merker din parkeringsplass

eller andre arealer som trenger merking

Salg og montering av butikk-innredning

PS service as
PÅL SKRETTING
Toppaveien 7 • 4360 Varhaug
Mobil 908 89 556
Fax: 51 43 33 64

PÅLETTO